

› Finansinntekter / finansutgifter

Netto finansutgifter i 2022 vart kr 65 135 769. Finansplasseringar etter finansregl. § 8 gav ein tap på 3 901 317, denne var opprinneleg budsjettert med ein gevinst på 6 mill.kr, men justert i budsjettet til tap på 3 mill. kr. Renteugifter vart om lag kr 900 000 lavere enn budsjettert, dette som følgje av endringar i rentenivået. Avdragsutgiftene 1,8 mill.kr under budsjettet. Samla vart netto finansutgifter ca. 1,7 mill. kr lavere enn justert budsjett.

Alle tal i heile 1 000

Renter og avdrag på lån til investeringar	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
	2022	2021	2020	2019	2018	2017
Renter løpande lån	25 082	21 027	24 111	28 526	25 498	25 884
Avdrag løpande lån	37 790	39 442	39 084	34 322	31 882	31 132
Sum renter/avdrag	62 872	60 469	63 195	62 848	57 380	57 016

Nøkkeltal	2022	2021	2020	2019	2018	2017
Renter og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	7,95	7,98	9,22	9,61	9,15	9,39
Netto finansutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	8,1	6,14	8,38	7,43	8,82	7,06

Renter og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter viser kor stor del av brutto driftsinntekter som er bunde til tilbakebetaling av lån. Netto rente og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter viser ein nedgang frå 9,39 prosent i 2017 til 7,95 prosent i 2022.

Netto finansutgifter i prosent av brutto driftsinntekter viser kor stor del av brutto driftsinntekter som er bunde til tilbakebetaling av lån, korrigert for finansinntekter. Det har vore ein auke frå 7,06 prosent i 2017 til 8,1 prosent i 2022. Oversikta over syner at avkastninga frå forvaltninga har stor påverknad på kor mykje av brutto dritsinntekter som er bunde til å dekkje finansutgifter.

Avkastning på kapital frå langsiktige kapitalplasseringar

Alle tal i heile 1 000

Bank / forvaltar:	Marknadsverdi/saldo pr. 31.12.2021	Renter / avkastning 2021
ODIN	40 805	- 1285
Sparebanken Møre bankinnskot, aksjar, obligasjonar, eigenkapitalbevis.	85 279	-1 109
Sum:	126 084	- 3 901

I tidsrommet 2000 – 2022 har Giske kommune hatt ei gjennomsnittleg årleg avkastning på 10,6 mill. kr pr. år, dvs. 191 mill. kr over 22 år.